

Høyringsuttale

til Lyse Kraft DA sin søknad om kraftutbygging i Øvre Suldal-Røldal

frå eit nabolag på Nesflaten

Konsekvensutgreiinga som NVE presenterte på folkemøta på Nesflaten og i Røldal, juni 2024, har 17 punkt. Me vil i denne uttalen konsentrera oss om kulepunkt 15: Samfunnsmessige ringverknader. Me er konkrete sidan me blei oppfordra til det på folkemøta.

Me som uttalar oss, er fastbuande i Øvre Suldal, og me har følgd utviklinga på Røldal-Suldal Kraft frå 60-talet og fram til i dag. Det er klart at RSK har vore avgjerande for lokalsamfunnet vårt, og med utbygginga følgde lokal samfunnsutvikling som sette gode spor. På 60-, 70- og inn på 80-talet var RSK årsak til vekst og bløming i lokalsamfunnet, men utover 90-talet og fram til vår tid, har Hydro gradvis trekt seg tilbake frå lokalt samfunnsansvar i takt med at dei har omstrukturert, rasjonalisert og flytta arbeidsplassar, inkludert støttefunksjonar, vekk frå RSK lokalt.

Mange arbeidsplassar er blitt lagde direkte under Hydro sitt hovudkontor, og me har sett at etter kvart som folk har blitt pensjonerte, har dei som har vore sentralt tilsette, ikkje blitt erstatta. Arbeidsplassane er forsvunne, vekke frå vårt lokalsamfunn.

Linjene blei selde til Statnett, og dermed forsvann arbeidsplassane til dei lokale linjefolka.

Driftssentralen blei flytta til Rjukan, og dermed forsvann heile skiftordninga på kontrollrommet. I tillegg forsvann driftsorganisasjonen for produksjonsplanlegging til Oslo. Støttefunksjonar er flytte vekk, slik som økonomi, innkjøp, lønn, personal, sentral prosjektorganisasjon.

Hydro har i lang tid no ikkje vore fleksible i sin tilsetjingspolitikk. Dei har ikkje teke omsyn til lokale folk som har vore eller snart blitt jobbsøkjjarar, om det ikkje har passa inn i deira aktuelle spikra planar. Ulikt mange andre stader, har ein lærling berre unntaksvis fått halda fram i bedrifta. Hydro på si side har slik gått glipp av gode og stødige folk og også verdifull lokal kunnskap, nyttig i drift på ulike nivå.

Ei tilsynelatande lita, men for lokalsamfunnet viktig endring, har vore at ungdom nå må vera 18 år for å få sommarjobb på Hydro. For ein del år sidan fekk alle lokale ungdomar sommarjobb etter 10.klasse. Ein del av arbeidsoppgåvene desse ungdomane fekk, er det nå innleigde firma som tek seg av, t.d. det lokale firmaet BTV-Bygdatenester, men dei kan ikkje ta inn 16-åringar på sommarjobb, for dei får ikkje jobba på Hydro. Denne endringa har sitt å seia for i kva retning ungdom må orientera seg. Det er for mange ut og vekk frå lokalsamfunnet.

Hydro har rekruttert studentar frå NTNU til sommarjobbar, men det har for ein stor del vore ungdom utan tilknytning til staden, og dei opptrer også gjerne som gjester. Det dei

bør gjera, er å knyta til seg lokal ungdom under utdanning, med tanke på framtidig rekruttering. Dei som kjem heim, veit kva dei går til, og sjansen for å få stabil arbeidskraft og samstundes aktive sambygdingar er stor.

Mangel på langsiktig planlegging og aktiv interesse for lokalsamfunnet, har ført til at det nå har blitt vanskeleg å rekruttera nye folk. Me er vitne til at fleire ingeniørar nå pendlar til Nesflaten nokre dagar i veka og elles ikkje tilfører lokalsamfunnet noko som helst.

Per i dag er det kun 5 personar med postadresse Nesflaten som er tilsette lokalt her på Nesflaten. Desse er 64, 62, 62, 58 og 29 år. Dei bidreg med ingen, null, ungar i skulen og med eitt barn i barnehagen. Med reduksjon i arbeidsplassar, følgjer redusert folketal og redusert elevtal i skulen. Barnehagen har vore stengd i to år, men blei opna no i oktober, etter mykje folkeleg aktivitet. Ungdomsskulen er for tida stengd, og også barneskulen er truga av nedlegging. Me har lenge vore i ein negativ spiral, og sjølv om andre trekk i samfunnsutviklinga har vore medverkande, er det heilt klart at Hydro har spelt den største rolla her. Det var ikkje dette dei såg føre seg då dei i si tid selde vassrettane frå gardane våre for ein slikk og ingenting.

På den positive sida vil me nemna at sal av Hydro-messa til private aktørar har vore bra. Energihotellet har per nå 11 tilsette. I denne bransjen er det generelt vanskeleg å rekruttera folk. Når det kjem til spørsmål om å etablere seg med hus og heim, må der vera eit stabilt lokalsamfunn for at det skal vera aktuelt. Infrastruktur med barnehage, skule, nærbutikk er for dei fleste avgjerande.

Hydro Energi og no Lyse Kraft DA er blømande verksemder, i vekst og med stadig betre framtidsutsikter, sidan krafta dei produserer, er berekraftig og svært ettertrakta. Planane om 5 nye kraftverk og nærare 8 mrd. i nye investeringar, er eit tydeleg teikn på kor lukrativ denne bransjen er.

Nå er derfor tida for å sikra at også bygdene våre, der verdiane blir henta ut, får del i denne positive utviklinga og får sikra sin eksistens som levande bygdesamfunn for nye generasjonar. Me kjenner RSK frå innsida og utsida, og me er rimeleg trygge på at også Lyse/Hydro vil vera tente med sterke og gode lokalsamfunn rundt seg.

Auke i permanente arbeidsplassar

Dei ringverknadsanalysane som blei presenterte på folkemøta på Nesflaten og i Røldal i juni, rekna med 10 nye årsverk på Lyse/Hydro her, og til saman skal det då bli 40 årsverk. Vår oppteljing i juni viste at det då var vel 20 årsverk på Lyse/Hydro. Då held me dei som er tilsette på hovudkontoret i Oslo utanom. Lærlingane tok me ikkje med, for lærlingeplassar er utdanning, skule, og ikkje arbeidsplassar. Men Lyse/Hydro er i prosess med å søkja etter og tilsetja fleire folk akkurat no, så me reknar med at analysane er solid fundamenterte og at 40 faste lokale årsverk vil verta resultatet etter anleggsperioden.

Lyse/Hydro er positive i konsesjonssøknaden: «Vi forventer at kommunene vil få økte skatteinntekter med dagens ordninger. Videre ønsker vi å jobbe sammen med lokalsamfunn og kommuner for å finne ytterligere vinn-vinn løsninger rundt infrastruktur og samfunnsnyttige formål.» (Konsesjonssøknaden s. 3)

«I anleggsperioden vil kommunene få inntektsskatt.» (Konsesjonssøknaden s. 130)

Det store spørsmålet for oss er: Kan me denne gongen stola på at det vil bli varige arbeidsplassar etter utbyggingsperioden? Dei erfaringane me har, med sterk nedbygging av arbeidsplassar og dermed utarming av grunnleggjande infrastruktur i lokalsamfunnet, barnehage, barneskule, ungdomsskule, seier at det truleg er tomme ord. Folk flest har mista trua og er skeptiske.

Derfor ynskjer me tryggleik for at arbeidsplassar blir varige. Arbeidsoppgåver kan bli endra, men me vil ha inn i konsesjonsvilkåra at arbeidet skal utførast med utgangspunkt i Øvre Suldal. Viss dette blir avvist som uaktuelt, er me like langt. Og då spør me: Kva er poenget med å presentera ringverknadsanalyse på folkemøta og få det til å sjå ut som at me skal få 10 nye og totalt 40 årsverk permanent etter anleggsperioden, viss der ikkje er vilje til å sikra at dette skal bli ein følgje av utbygginga? Me veit ikkje om andre sikre metodar enn å få det skriftleg i konsesjonsvilkåra.

Inntektsskatt er vel og bra, men pengar hjelper ikkje om me ikkje har folk. Det vil seia ting heng saman!

Permanente bustadhus

Like viktig som permanente arbeidsplassar er permanente bustadhus. Etter at Hydro selde ut dei fleste av bustadhusa sine, og etter at kommunen oppheva buplikta, er her få og per dags dato, ingen ledige bustadhus på Nesflaten/i Kilen. Opparbeidd byggefelt med attraktive tomter bør vera med i planane for den komande utbygginga. Eit fint felt vil vera Porsvik, innom Vallarvik-/Digernestunellen. Grunneigar er positiv til drøftingar om saka. Dette vil òg vera eit fint felt for permanent oppsette bustadhus til bruk under anleggsperioden.

Bustadfelt i Porsvik føreset vegutbetring på strekninga Kilen - Roalkvam, med minimum gang- og sykkelveg gjennom Vallarvik-/Digernestunellen. Lyse Kraft må leggja til rette for fast busetnad i anleggsperioden, for attraktive bustader vil vera eit godt grunnlag for at folk vil etablera seg på lengre sikt.

Permanente næringsbygg

Permanent oppsette næringsbygg vil likeins leggja til rette for vidare næringsutvikling i bygda. Me har sett mange døme på at permanente næringsbygg resulterer i permanente arbeidsplassar etter anleggsperiodar.

Besøkssenter

Me støttar arbeidet med eit besøkssenter i tilknytning til Views-prosjektet her på Nesflaten. Lyse Kraft DA har engasjert seg i arbeidet med å utvikla dette senteret, og me reknar derfor med at dei tek det med i sine planar vidare. Ei realisering vil føra til fleire varierte arbeidsplassar og saman med kraftutbygginga, vil det styrkja lokalsamfunnet som Lyse/Hydro skal operera i. Det vil òg vera ein attraksjon for turistar og vil såleis kunna gje viktige ringverknader for lokalt og regionalt næringsliv innan reiseliv og handel.

Næringsfond

Opprinneleg konsesjon frå 1962 seier at konsesjonær skal betala inn til næringsfond med like deler for Røldal og Suldal kommunar. Den gongen var det Røldal kommune og Gamle Suldal kommune, før samanslåing til noverande Suldal kommune, som var part i dette. Jf. pkt. 23 i konsesjonsvilkår.

Suldal kommunale Næringsfond, kalla RSK-fondet, vart etablert. Fondskapital vart sett til 3 mill. kr, men denne vart redusert kraftig straks etter kommunesamanslåinga. RSK-fondet har dermed ikkje vorte etablert i samsvar med krav i opprinneleg konsesjon.

Me krev no reetablering av RSK-fondet med bakgrunn i opprinneleg konsesjon, og ikkje minst med bakgrunn i at Stortinget nå har pålagt NVE å vurdere næringsfond i samband med ny konsesjon.

Me ynskjer ei oppmjuking av vedtektene slik at fondet kan yta tilskot med sikte på vekst og auka bulyst i Øvre Suldal.

Nytt næringsfond skal, som meininga var i opprinneleg konsesjon, ha sitt virkeområde i dei distrikta som vert direkte berørte av RSK/Lyse-utbygginga.

Beredskap / tryggingstiltak

Vedlikehaldsorganisasjonen i RSK er spreidd mellom Røldal, Voss og Oslo per i dag. Og det er berre ei driftsvakt med adresse Nesflaten. Dei andre bur i Røldal. Driftsorganisasjonen i Lyse kraft er lokalisert i Stavanger.

Rasutsette vegar og auka flaumsituasjonar på grunn av klimaendringar gjer at me er meir utsette for høg risiko for større skader eller ulukker.

Det kjennest tryggare for bygdafolket med lokal leiing og beredskapsvakter på Nesflaten. Dette har vore praktisert heilt fram til i seinare tid. Dette må sikrast i konsesjonsvilkåra.

Me ynskjer Lyse Kraft DA velkomen, men under føresetnad av tilførsel av varige verdiar for lokalsamfunnet vårt. Me er fyrst og fremst opptekne av tida etter utbyggingsfasen. Me må alle tenkja langsiktig for å skapa god samfunnsutvikling.

Med helsing

Wenche Haugen Havrevoll, Tor Inge Havrevoll, Jorunn Overskeid Nybø, Udmund Nybø, Ingfrid Softe, Michael Softe, Lars Øystein Bakka, Ingunn Bakka, Odd Bakka, Inger Karin Skogen Nasedkina, Alexander Nasedkin, Doris Elin Bratland, Rannveig Kjersem Havrevoll, Sopinpa Skogland, Trygve Skogland, Arild Norheim, Nina Bjørnetun, Ingri Helena Havrevoll, Erik A. Havrevoll, Kjell Arne Havrevoll, Anny Marit Bjørnetun, Johan Bjørnetun, Dorit Norheim, Ingeborg Kårstad, Kristian Steine